



Hordaland barne- og ungdomsråd  
Postboks 408 SENTRUM  
5805 BERGEN

Dato: 25.06.2015  
Vår ref.: 2014/986-19  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Brev til Hordaland barne- og ungdomsråd

Viser til vårens saksframlegg til kultur- og ressursutvalet vedr. driftsstønadsordninga til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar i Hordaland. Saksframlegg, vedlegg til saka og saksprotokollen frå møtet til kultur- og ressursutvalet er lagt ved. For 2015 var det 35 organisasjonar som søkte innan fristen 01.04.15, der seks av organisasjonane ikkje er på lista over fordeling av driftsstøtte då desse fall utanom kriteria til ordninga.

Fylkesrådmannens innstilling til fordeling av driftsstønad er ikkje lik den rådgjevande fordelinga tilsendt frå HBUR. Eit av forslaga frå HBUR var m.a. at fire organisasjonar som hadde diskriminerande innhald i sine vedtekter skulle få grunn- og medlemstilskot, med grunngjeving om at dette var første året med dette søknadskriteriet. Ettersom retningsline punkt 5 (*Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og aktivitetar*) er ei vedteken retningsline, kunne ikkje fylkesrådmannen tilrå driftsstønad til desse.

Når det gjeld punkt 3. «Fri pott» vedtok Kultur- og ressursutvalet i sak 13/2015 at følgjande kriterier vert vektlagt i vurderinga:

- *Tal på lokallag*
- *Aktivitet i organisasjonen*
- *Organisasjonens opne verksemد overfor ikkje-medlemer*
- *Nytenking*
- *Kostnader med arrangement*.
- *God økonomisk kontroll og gjennomføringsevne*

Det er ikkje høve til å vektlegge tilhøve som ikkje er del av kriteria, som til dømes eigeninnsats frå styremedlemer o.a.

Hordaland fylkeskommune takkar Hordaland barne- og ungdomsråd for arbeidet med å leggje fram eit rådgjevande forslag til fordelinga, jfr. forvaltningslova §17, som vart levert administrasjonen i Kultur- og idrettsavdelinga 5.mai 2015.

Vennleg helsing

Ronny Skaar  
Utviklingssjef/Seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik  
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.